

Psykologkompetanse til kommunane: modell for å rekruttere og behade

- Eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane i Nordhordland,
BUP Nordhordland og Bjørgvin DPS

Referat frå møte i styringsgruppa

(kommunalsjefsgruppa HO NH + Helse Bergen HF)

Møte: Møte 2 – 2019, 6. september kl. 10.00 – 11.30

Til stades: Monika Kvamme (Austrheim kommune), Ove Sæbø (Modalen kommune), Helge Kvam (Meland kommune), Nils Moldøen (Fedje kommune), Grete Herøy (Radøy kommune), Malin Daae Steine (Masfjorden kommune), Leni Dale (Lindås kommune), Nina Kvamme (Osterøy kommune), Anne Hildegunn Færøy (NUI), Rolf Martin Tande (rep. Fagrådet for kommuneoverlegar i arbeidsgruppa) og Tonje Husum Aarland (NUI/koordinator arbeidsgruppa).

Forfall: Ingebjørg Søreide (Gulen kommune) og Geir Lien (Helse Bergen HF).

04/19 Val av leiar for styringsgruppa

Leiar for styringsgruppa er Ove Sæbø, Modalen kommune.

05/19 Bakgrunn og status

Rolf Martin Tande og Tonje Husum Aarland frå arbeidsgruppa orientert om bakgrunn og status for prosjektet. PP-presentasjon vedlagt i e-post.

Kommunar i Nordhordland og landet elles melder om utfordringar med å rekruttere psykologar, og at psykologar som vert tilsett sluttar etter kort tid. Særleg mindre kommunar har hatt utfordringar med dette i lengre tid. Frå 1. januar 2020 er kommunane pålagd å ha psykolog som ein del av kjernekompesansen i den kommunale helse- og omsorgstenesta, etter endringane i § 3-2 i lov om kommunale helse- og omsorgstenester.

Kommunane i Nordhordland vil med bakgrunn i denne utfordringa samarbeide med BUP Nordhordland og Bjørgvin DPS for å etablene eit prosjekt der målet er å utvikle og prøve ut modell som betrar rekrutteringa av psykologar til kommunane. For å nå målet er det satt ned ei arbeidsgruppe som gjennom forprosjektet kartlegger behova i kommunane, utgreier

moglege løysingar, planlegge for utprøving og utarbeide søknad om midlar til pilotering av modell (hovudprosjekt).

Mandatet til arbeidsgruppa er mellom anna å greie ut og vurdere moglege løysingar for korleis NH-kommunane og Helse Bergen HF kan samarbeide for å følgje dei nye krava og utarbeide forslag til modell for samarbeidet. I drøftingane i arbeidsgruppa, ser ein at det er noko ulikt korleis kommunane, både i Nordhordland og elles, organiserer og tilrettelegg for stillingar som kommunepsykolog, kva tverrfaglege samarbeid som eksisterer, og kva kjerneoppgåver som ligg i stillinga.

I førre møte for styringsgruppa vart det gitt løypemelding om prosjektet og ein drøfta tal frå intern kartlegging, samt dei overordna føringane for kjerneoppgåvene til kommunepsykologar. Det er sendt ut utvida kartleggingsskjema og arbeidsgruppa ber kommunalsjefane i styringsgruppa om å fylle ut skjema for eiga kommune.

Vedtak:

Styringsgruppa tek orienteringa til vitande. Sekretær sender ut ein svarfrist på kartleggingsskjemaet, saman med referatet frå møtet og PP-presentasjonen.

05/19 Gjennomgang av foreløpig utkast til skisse

Rolf og Tonje gjennomgjekk utkast til skisse av modell for samarbeid om rekruttering og foreløpig visualisering av hovudprosjekt. Mellom anna er det trekt frem samarbeid om spesialisering i form av trainee-stillingar som ei mogleg satsing, samt samarbeid om praksisplassar og hospitantordningar. Arbeidsgruppa er i dialog med psykologisk fakultet på Universitetet i Bergen. Ein har i arbeidsgruppa drøfta mogleheitene for å søkje forskningsmidlar til følgjeforskning av piloteringa, og å knytte til seg PHD-kandidatar i koordineringsarbeidet av hovudprosjektet.

For å sikre gode og forutsigbare samarbeidsavtalar mellom Helse-Bergen og kommunane, tilråder arbeidsgruppa at det bør vurderast eit interkommunalt samarbeid om psykologstillingar. Dette kan også vere med på å utvikle meir stabile rammar og betre arbeidsvilkåra for psykologane, som igjen kan betre rekrutteringa. Eit interkommunalt samarbeid om psykolog vil elles vere nyttig for felles utvikling av rolla som psykolog i eit tverrfagleg samarbeid, både i kommunane og mellom kommune og spesialisthelsetenesta.

Styringsgruppa er positive til arbeidet som er gjort sålangt. Det vart peika på at ein i eit interkommunalt samarbeid må sikre at psykologen(ane) får forankring og eigarskap til kommunane. I ein eventuell avtale om interkommunalt samarbeid/vertskommunesamarbeid bør det undersøkast om korleis lokalisering av psykologane best kan tilpassast kommunane sine behov. Det er interessant å sjå på mogleheitane som finnast i audiovisuell kommunikasjon, samstundes som ein ønskjer at nærleik til dei aktuelle fagmiljøa i

kommunane må vere til stades.

Vedtak:

Styringsgruppa takkar for godt arbeid så langt og tek løypemeldinga til vitande.

06/19 Psykologar i kommunane i Nordhordland i 2020 - 2025

Lovendringa 1.1.2020 gjeldt psykolog knytt til dei kommunale helse- og omsorgstenestene. I tilskotsordninga som har vore for å auke rekrutteringa av psykolog i kommunane, har det vore ei føresetnad at psykologen skal vere forankra i helse- og omsorgstenesta. Delmål for ordninga er òg at kommunane ut frå lokale omsyn nyttar kompetansen: «I større grad til meir system, og samfunnsretta arbeid, helsefremjande og førebyggande arbeid, lågterskel behandlings- og oppfølgingstilbod, utadretta arbeid, tverrfagleg og/eller fleirfagleg».

Arbeidsgruppa har i fleire møte drøfta rammene og kjerneoppgåvene til psykologar tilsett i kommunar. Det ligg i føringane at ein må vurdere lokale behov for psykologkompetansen. Fleire spørsmål har vore drøfta i arbeidsgruppa, og ein ser at det er behov for å løfte desse i eit større forum: Kva bør prioriterast i Nordhordland dei neste åra? Kor har psykologkompetansen størst nytteverdi i kommunen? Kven skal rekrutterast til kommunane og kva funksjon og fokusområde skal dei ha?

Det er foreslått å arrangere ein fagdag i løpet av hausten med dette som tema. Målgruppa bør vere vid med fagpersonar og administrasjon frå kommunane; leiarnivå i alle aktuelle faggrupper, som psykisk helse og rus, helsestasjonen, barnehage- og skule, samt leger, NAV, PPT, barnevern, flyktningstenesta og andre. Andre relevante faggrupper- og nettverk utanfor kommunane er Helse-Bergen, Mental Helse, Psykologforeninga, UiB, Helsedirektoratet, Fylkesmannen, Demensforeninga, og liknande.

Det er foreslått ein dato i november 2019, og arbeidsgruppa kjem med endeleg dato så snart den er avklart.

Vedtak:

Styringsgruppa ønskjer at arbeidsgruppa arrangerer ein fagdag om psykologar i kommunane i Nordhordland. Arbeidsgruppa bør vere programkomité, medan styringsgruppa kan hjelpe til å formidle fagdag vidare i sine kommunar.

Referent: Tonje Husum Aarland (NUI/koordinator arbeidsgruppa)